



Utval: Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad: Rom 826, 8 etg, Fylkeshuset, Bergen
Dato: 03.09.2014
Tidspunkt: 09:15-11:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Atle Kvåle	Nestleiar	A
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Hordaland fylkeskommune, fylkesdirektør samferdsel
John Martin Jacobsen	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd.
Lise Ådlandsvik	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd.
Nils Egil Grude	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd.
Else-Marie Brobakke Aarø	Hordaland fylkeskommune, regionalavd.
Heidi Follevåg	Hordaland fylkeskommune, opplæringsavd.
Sindre Lillebø	Statens vegvesen
Marianne Sæveraas	Statens vegvesen
Thorbjørn Thiem	Statens vegvesen
Arne Aase	Trygg Trafikk
Ola Akselberg	Hordaland politidistrikt

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/14	Referatsaker		
RS 1/14	Møtereferat Fylkestrafikksikringsrådet FTU, 05.07.2014	2014/555	
RS 2/14	Spørsmål om Hordaland fylkeskommune som "Trafikksikker kommune"	2014/11292	
RS 3/14	Trafikkteateret "Ville veier og vrange skilt"	2014/1230	
RS 4/14	Trafikksikring av fylkesvegar i Vaksdal kommune	2014/13277	
PS 3/14	Søkand om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - Refleksdagen 2014	2014/1230	
PS 4/14	Trafikksikringsprisen 2014	2014/555	X
PS 5/14	Ymse		

PS 1/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 03.09.2014

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 2/14 Referatsaker

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 03.09.2014

RS 1/14 Møtereferat Fylkestrafikksikringsutvalet FTU, 07.05.2014

Vedtak

Møtereferat frå FTU-møte 5. mai 2014 vart godkjent.

RS 2/14 **Silja Ekeland Bjørkly** (H) sette fram oversendingsforslag.

Ber om at FTU får lagt fram ei sak om at Hordaland fylkeskommune vert ein «trafikksikker kommune».

RS 4/14 **Alte Kvåle** (Ap) etterspurde svarbrev frå Statens vegvesen til Vaksdal kommune. Statens vegvesen opplyste at dei skulle undersøke saka.

Administrasjonen opplyste vidare at Vaksdal kommune og har teke kontakt med fylkeskommunen fordi dei ønskjer å setje igang med eit haldningsskapande trafikksikringsprosjekt retta mot ungdommane i kommunen.

RS 1/14 Møtereferat Fylkestrafikksikringsrådet FTU, 05.07.2014

RS 2/14 Spørsmål om Hordaland fylkeskommune som "Trafikksikker kommune"

RS 3/14 Trafikkteateret "Ville veier og vrange skilt"

RS 4/14 Trafikksikring av fylkesvegar i Vaksdal kommune

PS 3/14 Søkand om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - Refleksdagen 2014

Forslag til vedtak

1. Kløvheim bygdelaag vert tildelt tilskot på 15.000,- kr til Refleksdagen 2014.

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 03.09.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kløvheim bygdelaag vert tildelt tilskot på 15.000,- kr til Refleksdagen 2014.

PS 4/14 Trafikksikringsprisen 2014

PS 5/14 Ymse

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 03.09.2014

ORIENTERINGAR

Byggeprogram for trafikksikringsposten. Orientering om prosessen med utarbeidinga av dei årlege byggeprogramma for trafikksikringsposten ved Tor Høyland frå Statens vegvesen.

Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Administrasjonen orienterte om bakgrunnen og prosessen med den nye tilskotsordninga. Saka vart handsama av FTU i juni, og det vart gjort følgjande vedtak:

1. Askøy kommune vert tildelt 160.000 kr i tilskot til av/påstigningslomme ved Strusshamn skole.
2. Bømlo kommune vert tildelt 105.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak ved Buhammarvn./Skiftesvn.
3. Eidfjord kommune vert tildelt 56.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak ved Lægreidsv./Kyrkjev./Skulev.
4. Lindås kommune vert tildelt 66.500 kr i tilskot til gjerde på Krossleitet og fartshumpar i Kolåsvn.
5. Os kommune vert tildelt 155.458 kr i tilskot til opphøgd gangfelt i Kolskogheiane/Industrivn.
6. Osterøy kommune vert tildelt 120.000 kr i tilskot til to trafikksikringstiltak i Lonevåg.
7. Stord kommune vert tildelt 175.000 kr i tilskot til fotgjengartiltak i Sætravikkr./Tjødnaio.
8. Sveio kommune vert tildelt 12.800 kr i tilskot til fartshumpar i Hovåsvn.
9. Sund kommune vert tildelt 63.700 kr i tilskot til fjellsikring på Skoge.
10. Voss kommune vert tildelt 140.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak i Gullfjordungvn. og på Tvildemoen.
11. Kvam herad vert tildelt 28.000 kr i tilskot på til bom og skilting i Øystese.

Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland. Arbeidet med programmet for konferansen nærmar seg slutten. Det kom innspel på at ein kunne tenkje seg eit innlegg om sykkel på konferansen.

Trafikksikker skule – Knappskog skule. Knappskog skule er no sertifisert som Trafikksikker skule som den fyrste i Hordaland. Det vert lagt opp til ei markering av dette på skulen i løpet av hausten, og på Trafikksikringskonferansen for kommunane.